



Forsand kommune
Fossanvegen 380
4110 Forsand

Kontakt saksbehandlar
Alexander Reppert, 51568727

Småkraft Utbygging AS - søknad om utfylling i sjø - Dalaåna og Nordåna kraftverk - Forsand kommune

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at søknadsdokumenta og eit eksemplar av kunnjingeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Frist for kommunen sin uttale er 8 veker.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Småkraft Utbygging AS om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22. Søknaden omfattar utfylling i sjø frå land og frå lekter, samt ein søknad om utslepp av tunneldrivevatn under anleggsfasen ved eigedommane 18/1 og 16/1 i Forsand kommune.

Kort orientering om tiltaket:

Søknad gjeld:	utfylling i sjø / utslepp av tunneldrivevatn
Planlagt oppstart:	haust 2019
Estimert varigheit:	ca. 6 månader

Søknad om utfylling i sjø

Beregnet utfyllings volum:	20 000 (± 500) m ³
Beregnet rørt areal:	500 (± 50) m ²
Planlagt avbøtande tiltak	Siltgardin

Søknad om midlertidig utslepp

Type utslepp:	Anleggsvatn frå tunneldriving og frå anleggs-/riggområder
Resipient:	Lysefjorden og Dalaåna
Planlagt avbøtande tiltak:	Reinseanlegg beståande av sedimentasjonsbasseng, pH-justering og oljeutskiller og etablering av siltgardiner rundt utslippsstad.

Byggetida for anlegga er berekna til ca. 2 år, og driving av tunnelar er berekna til ca. et halvt år.



Tiltaksområdet som omfattar Nordåna kraftstasjon i Daladalen og Dalaåna kraftstasjon ved Tuftene er uregulert og avsett til LNF-føremål i gjeldande kommuneplan. Sjøareal som grenser til anleggsområdet er også uregulert og ligg avsett i kommuneplanens arealdel som område for særskilt bruk eller vern av sjø eller vassdrag¹.

Bakgrunn/søknad

Småkraft Utbygging AS har fått konsesjon til å etablere Nordåna og Dalaåna kraftverk i Forsand kommune. Kraftverkane vil utnytte fallet frå Skaratjørn til Daladalen og frå Daladalen til Tuftene ved Lysefjorden. Anleggsarbeidet medfører fleire tiltak som kan påverke miljøet.




Figur 1. Tiltaksområde i Nordåna og Dalaåna vist med rød stipla sirkel

Overskotsmassar

Overskotsmassane frå tunneldrivinga til Nordåna kraftverk skal i den grad det er mogleg gjenbrukas. Ytterlegare overskotsmassar skal deponerast sør for påhugg og arronderast for naturleg revegetering. For Dalaåna kraftverk vil anleggsarbeidet generere eit overskot av ca. 20 000 m³ sprengt tunneldrivemassar bestående av stein, grus og slam. Massane er tenkt brukt til planering av kraftstasjonstomta og etablering av kai. Overskotsmassane søkast deponert i sjø sør for Tuftene i Lysefjorden.

¹ <https://kart.nois.no/smart/Content/Main.asp?layout=forsand&time=1553597941&vwr=asv>



Figur 2. Lokalitet for deponering av overskotsmassane vist med rød sirkel

Tunneldrivevatn

Parallelt med søknaden om massedeponering vert det søkt om løyve til utslepp av tunneldrivevatn til sjø og vassdrag. Tunneldrivevatn vil bli drevet frå påhugget til dei to kraftverka (Daladalen og Tuftene). For Dalaåna kraftverk skal vatn sleppast ut i Lysefjorden og for Nordåna kraftverk skal vatn sleppast ut i Dalaåna. Det skal gjennomførast avbøtande tiltak for å sikre lågast mogleg utsleppsverdiar og for å ha kontroll med suspendert stoff, pH og olje i anleggsfasen. Alt tunneldrivevatn skal ledast gjennom reinseanlegg før utslepp til resipient. I søknaden inngår også ein vurdering av forureiningsrisikoen knytt til avrenning frå tunneldrive- og sprengsteinmassane som skal deponerast på land. Tabell under viser grenseverdiar som er føreslått overheldt før utslepp².

Utslepp til Dalaåna:

Parameter	Grenseverdi
Suspendert stoff	200 mg/L
pH	5-10
Olje (THC)	< 20 mg/L

Utslepp til Lysefjorden:

Parameter	Grenseverdi
Suspendert stoff	400 mg/L
pH	5-11
Olje (THC)	< 50 mg/L

² Rapport, Nordåna og Dalaåna kraftverk, Småkraft Utbygging AS, 25.01.2019



Fylkesmannens merknader

Ifølge Temakart-Rogaland³ er det registrert større tareskogførekomstar med verdi B «*viktig*» ca. 250 meter vest og øst for Tuftene. Disse har fått verdi B ut frå storleiken gitt at de ligger i eit beskytta kystområde. Det er også registrert potensiale for førekomstar av sukkertareskog. Vidare ligg området som ein del av *ytre Lysefjorden* med sterke tidevatnstraumar registrert som «*viktig*».

Ifølge vann-nett⁴ tilhører tiltaksområdet «Lysefjorden-indre» som er klassifisert som «*svært god*» økologisk tilstand og «*ukjent*» kjemisk tilstand. Botnfauna er registrert som «*dårleg*» tilstand. Vassførekomsten er registrert som påverka i «*liten grad*» av diffus avrenning frå spreidd busetnad, diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett og hydromorfologisk endring ved overføring av vann. Straumhastigheita er registrert som «*moderat*» (1-3 knop). Naturtilstanden for Lysefjorden har stått stabilt de siste 200 årene, men det er likevel viktig å presisere at denne type terskelfjord er sårbar for organisk påverknad.

Elva Dalaåna renner gjennom Daladalen og har utløp i Lysefjorden ved Songesand. Ifølge vann-nett er elva klassifisert som svært kalkfattig og klar, med moderat økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Botnfauna er registrert som «*moderat*» tilstand. Vassførekomsten er vidare registrert som påverka i «*middels grad*» av sur nedbør. Vasskvalitet, fiskebestand og botndyr fauna vart undersøkt av rådgivande biologar i 2006 og presentert i ein rapport frå 2010⁵. Undersøkinga påviste artar av botndyr og bestandar av aure. Rapporten opplyskar vidare om behov for oppfølgjande undersøkingar for å redusere skadelege effektar på miljøet.

Det er utført nokon registreringar av sårbare og nær trua fuglearter i nærleik av tiltaket. Disse inkluderer strandsnipe, fiskemåke, teist, stær, Bergirisk og Alm. Frå konsekvensutredninga er det lagt fram ei vurdering av området som samla sett gir middels verdi for naturmiljøet.

Fylkesmannen er myndigheit for dumping i sjø og vassdrag og skal vurdere løysingar for næringsavfall som ønskes dumpa. I dette tilfellet vil Fylkesmannens vurdering inkludere alternative metodar som kan redusere overskotsmassar, samt alternative løysningar for disponering av massane.

Fylkesmannen vil i ein eventuell løyve blant anna sette krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Ut i frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kan det eventuelt bli aktuelt å stille ytterlegare krav.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensingsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningslova» fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Andre høyringsinstansar

Fylkesmannen vil sende kopi av dette brevet saman med oppmoding om uttale til andre høyringsinstansar. Kommunen vil få kopi av det brevet.

³ <https://www.temakart-rogaland.no/>

⁴ <https://vann-nett.no/portal/>

⁵ Rådgivende biologer. *Dalaåna og Nordåna kraftverk, Forsand kommune. Konsekvensutgreiing for vasskvalitet, fisk og ferskvassbiologi*. 2010. ISBN 978-82-7658-819-4



Offentleg kunngjering

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Strandbuen. Kunngjeringskostnadene skal dekkes av tiltakshavar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i Forsand kommune, Fossanvegen 380, 4110 Forsand og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Høyringar». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller fmropost@fylkesmannen.no, innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Vi ber kommunen i same tidsrom å hente inn nødvendige uttalar frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunens uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre sluttbehandling enn dei som er ligg ved, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi anbefala at kommunen føretek ein kommunal sluttbehandling i eit organ som kan gi ei heilskapsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Alexander Reppert
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Kunngjeringstekst
- 2 Søknadsskjema
- 3 Rapport utsleppssøknad

Kopi til:

SMÅKRAFT UTBYGGING AS Postboks 7050 5020 BERGEN